



ÅRSMELDING VIKEDAL UNGDOMSLAG 2006

Styret har bestått av:

Nils Erik Eide (leiar), Kari Skogen (kasserar), Venke Helgesen (skrivar), Ingebjørg R. Gjerde, Svein Bjarte Holten, Leif Kåre H. Sigmundstad

Vikedal ungdomslag har hatt eit **travelt år aktivitetsmessig**, trass i at det ikkje har vore revyår.

Midtbygden Ungdomslag inviterte Vikedal Ungdomslag til samarbeid kring eit felles St. Hans-arrangement. Dette blei avlyst grunna dårleg vær. Sjølv om arrangementet ikkje blei noka av; syntest me det var positivt at desse to laga no har begynt å samarbeide.

Ungdomslaget arrangerte også i år diskotek for deltakarane på **Zportyfestivalen** på Bygdehuset.

Under **Sommarfestivalen** hadde ungdomslaget det årlege underhaldningsinnslaget for ungane – dette var også i år vellukka. Kaptein Hjørnetann og hans to hjelparar stilte opp og fekk dette året leiaren i Vindafjord Båt – og Turistsenter, Ole Sigve Leifsen, til å gå den berømte planken.

Det vart arrangert **blåtur** for gjengen som var med på å laga revyen "*Ikkje bra; men godt nok*", jula 2005. Denne turen gjekk til Stord.

Det vart også forsøkt å arrangera **julebord for revygruppa Port Salutt**. Dette arrangementet blei det dessverre ikkje noko av. Det vart i staden stelt i stand ein DVD-kveld på Vikedal Vertshus der ein viste revyen for dei som var interesserte.

I haust arrangerte Vikedal Ungdomslag **lokallagssamling for teaterlaga i distriktet**. Dette vart mislukka då det berre møtte ein person utanom styret til V.U.L. Det vart meldt tilbake til Rogaland Ungdomslag at rutiane for slike arrangement må, frå deira side, bli betre med tanke på påmelding etc.

Under "*Jul i Vikedal 2006*" arrangerte Ungdomslaget **Nissesti** for barna. Det viste seg å vere eit kjekt tiltak.

Vikedal Ungdomslag si revygruppe, Port Salutt, deltok på Sandeid Ungdomslag sin **Haugaland Revy** med gode innslag.

Etter planen skulle V.U.L ha arrangert **barneteater** dette året. For at me skal kome inn i ein rytme med revy og barneteater annakvart år vart det bestemt at ein vil arrangere barneteater i løpet av 2008.

Vikedal ungdomslag har arrangert **to vellukka bingoarrangement** på Vikedal Bygdehus.

V.U.L har også bidrege på skulerevyen i Vikedal med lyd og lys. Elles har revybandet Port Salutt hatt fleire oppdrag i løpet av dette året. Også under *Jul i Vikedal* var me involvert med lyd og lys.

Når det gjeld **tilskot utanfrå** så har Ungdomslaget fått følgjande:

- Driftstilskot frå Vindafjord kommune: 9.900 kroner
- Investeringsstilskot frå Vindafjord kommune: 10.000 kroner
- Haugaland Kraftfondet: 2.500 kroner

Ungdomslaget har **støtta** følgjande:

- Vikedal skule, 10. klasse (skuletur Polen): 500 kroner

Vikedal Ungdomslag har kjøpt **andel i Vikedal Utvikling** og støtta forprosjekt i samband med **Jens Zetlitz-spelet** som etter planen skal setjast opp i Vikedal Utvikling sin regi.

Det har dette året blitt investert i **nytt anlegg** med mikrofonar og gitar m/forsterkar til Musikkloftet.

Styret har gjort ein **framifrå innsats** også dette året; me har hatt hyppige møter og oppnådd mykje av måla som me sette oss føre dette året. Tre av våre dyktige styremedlemmer; Kari Skogen, Ingebjørg Rullestad Gjerde og Venke Helgesen, går av etter mange års styremedlemskap i V.U.L. Me vil nytte høvet til å takka dei så mykje for den gode innsatsen dei har gjort for laget vårt.

Takk for i år!

14.03.07

Nils Erik Eide – Leiar Vikedal ungdomslag

Adresse/tlf/e-post:

Vikedal ungdomslag, Postboks 13, 5586 Vikedal
Telefon: 52 76 05 04 - Mobil: 46 89 08 55

E-post: eydeniss@online.no

Kontonummer:

3244 05 20501



Org. nummer:

984 039 883

Styremedlemmer 2006:

Nils Erik Eide (leiar), Kari Skogen (kasserar)
Ingebjørg R. Gjerde, Venke Helgesen,
Svein Bjarte Holten, Leif Kåre H. Sigmundstad